



# Reguleringsføresegner

for

## Jyddalen - Fammestad

### Gnr. 24 bnr. 4 m.fl.

**Lovheimel: Plan- og bygningslova § 12-7**

**Kommunens saksnummer: 2015/2611**

**Plan-ID: 1263-201510**

Revideringar:	Dato:

Handsamingar:	Dato:	Saksnummer:
1. gangs handsaming plan- og miljøutvalet:	25.05.2016	061/16
2. gangs handsaming plan- og miljøutvalet:	22.02.2017	008/17
3. gangs handsaming plan- og miljøutvalet:	-	-
Godkjent plan i kommunestyret:	09.03.2017	008/17

# LINDÅS KOMMUNE

**REGULERINGSFØRESEGNER FOR:  
JYDALEN, FAMMESTAD**  
jf. plan- og bygningslovens (tbl) § 12-7

**JYDALEN, FAMMESTAD,  
GNR. 24 BNR. 4 M. FL.**

Saksnr. / dok.nr.: 15/2611  
Nasjonal arealplanID: 1263-201510  
Vedtatt 09.03.2017  
Sist revidert 23.03.2017

## PLANEN SIN INTENSIJON

Planen sin intensjon er å leggje til rette for etablering av frittliggjande einebustader og tomannsbustader.

### § 1 FELLES FØRESEGNER

- 1.1 Byggjegrenser**
  - 1.1.1 Nye byggverk skal plasserast innanfor byggjegrensa. Eksakt plassering blir godkjend av kommunen som ein del av byggjesaksbehandlinga.
  - 1.1.2 Parkeringsplassar og garasjar/carporter som er plassert parallelt med f\_SVG1, forstøtningsmurar, gjerde, hekk o.l kan plasserast inntil 2,0 meter frå regulerte tomtegrenser mot veg f\_SVG1. For alle byggegrenser som ikkje ligg parallelt med veg f\_SVG1, kan tiltak som nemnt over plasserast inntil 1,0 meter frå regulerte tomtegrenser.
- 1.2 Terrengbehandling og murar**
  - 1.2.1 Ny utbygging skal tilpassast eksisterande terrenget.
  - 1.2.2 Ved utarbeiding av utomhusplanar skal det leggjast vekt på miljømessige kvalitetar i val av materiale, vegetasjon og belysning.

- 1.2.3 Alle terrenginngrep skal skje skånsamt. Større trær og anna verdifull vegetasjon skal søkjast bevart.
- 1.2.4 Fyllingar og skjeringar skal tilpassast tilgrensande terren og såast/plantast til. Det skal ikkje førast opp murar høgare enn 1,5 meter utan at dei terrasserast. Terrasse/avsats skal ha minimum djupne 1,0 meter og kvar avsats skal beplantast for å dempe fjernverknad av muren. Alle murar innanfor planområdet bør vere natursteinsmurar.
- 1.2.5 I opphavleg terren som er brattare enn 1:3, skal det veljast ein hustype som tar opp nivåforskjellar i terrenget.

- 1.3 Tilkomst utrykkingskøyretøy**
  - 1.3.1 Det skal sikrast tilfredsstillande tilkomst for alle utrykkingskøyretøy.

- 1.4 Utforming / bygningsestetikk og materialbruk**
  - 1.4.1 Dei nye bustadene i planområdet skal ha god materialbruk og gjevast ei utforming med høy arkitektonisk kvalitet. Det skal takast omsyn til kringliggjande landskap og bygg.
  - 1.4.2 Ved utarbeiding av byggeplaner skal det leggast vekt på miljømessige kvalitetar i val av materiale, vegetasjon og belysning.

### § 2 UTFYLLENDE PLANAR OG DOKUMENTASJON

- 2.1 Utomhusplan**
  - 2.1.1 Det skal leverast inn utomhusplan i samband med søknad om rammeløyve. Utomhusareala skal utformast etter prinsipp om universell utforming.
  - 2.1.2 Utomhusplan skal være i målestokk 1:500 og det skal gjerast greie for avkøyrlar,

- eksisterande og framtidig terregn, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trapper, gjerder og uteophaldsareal.
- 2.1.3 Utomhusplanen skal vise at prosjektet oppnår tilstrekkeleg differensiering mellom privat og felles uteophaldsareal.
- 2.1.4 Saman med utomhusplanen skal det innleverast skriftleg utgreiing for korleis føresegnehene sine krav er oppfylt.
- 2.2 VA-rammeplan**  
I forkant av innsending av søknad om rammeløyve skal det føreliggje godkjend rammeplan for vassforsynings-/ overvatns- og spillvatnssystemet, samt uttak for brannslokking.
- § 3**  
**REKKEFØLGEKRAV**
- 3.1** Følgande tiltak skal vere utført før det kan gjevast midlertidig bruksløyve/ferdigattest til BFS2 og BFS3;
- Veg, f\_SV1
  - Leikeplass, f\_BLK skal vere ferdig opparbeidd med sittegrupper og leikapparat før det kan gjevast bruksløyve til bustader innanfor BFS2 og BFS3.
  - Kommunaltekniske anlegg skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløyve til BFS2 og BFS3.
  - Snuhammar innanfor f\_SV1 skal skiltast med «parkering forbode».
- § 4**  
**BYGG OG ANLEGG**  
(pbl § 12-5 nr.1)
- 4.1 Bustader - frittliggjande småhus**
- 4.1.1 Maksimal utnytting for BFS1, BFS2 og BFS3 er 25 % BYA inkludert parkering.
- 4.1.2 Maksimal mønehøgde for BFS1, BFS2 og BFS3 er 10 meter.  
Maksimal gesimshøgde for bygg
- utan møne er 7,0 meter.  
Høgdene vert målt frå overkant golv i lågaste etasje.
- 4.1.3 Innanfor BFS1 kan det førast opp inntil 2 bustadeiningar.
- 4.1.4 Innanfor BFS2 kan det førast opp inntil 6 bueiningar; enten 3 tomannsbustader, 3 einebustader med inntil 1 sekundærhueining i kvar einebustad, eller ein kombinasjon av eine- og tomannsbustadar.
- 4.1.5 Innanfor BFS3 kan det førast opp inntil 4 einebustader med inntil 1 sekundærhueining i kvar einebustad, Areal til parkering og leik må dimensjonerast tilsvarende 8 bueiningar i planområdet.
- 4.1.6 Det kan førast opp maksimalt ein garasje eller ein carport pr. bustadeining. Garasje/carport skal tilpassast bustadhusa i form, materialval og fargebruk.
- 4.1.7 Minimum privat uteophaldsareal per hovudbustadeining er  $200\text{ m}^2$ . Minimum privat uteophaldsareal per sekundær bustad er  $50\text{ m}^2$ .
- 4.1.8 Det kan maksimalt etablerast ein avkøyrsle for kvar tomt med breidde på maksimalt 5 meter. Dersom det er ynskjeleg kan det etablerast felles avkøyrsle
- 4.1.9 Minimum 40 % av bustadeiningane innanfor planområdet skal ha universell utforming.
- 4.2 Leikeplass**
- 4.2.1 Leikeareala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerende vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt og trafikkfare. Maksimal utandørs ekvivalent støynivå skal vere under 55 dBA. Areala skal ikkje vere brattare enn 1:3 og eksisterande terregn og vegetasjon skal sokjast bevart for å få eit variert leikeområde. Leikeareala skal utstyrast med

- godkjente sittegrupper og leikeapparat, t.d. sandkasse, huskestativ og sklie.
- 4.2.2 Innanfor areal satt til leik skal det opparbeidast ein gangveg med minimum 1,4 meter breidde og stigning på maks 1:20. Gangvegen skal ende i eit planert areal på minimum 50 m<sup>2</sup>. Både gangvegen og det planerte arealet skal ha fast og sklisikkert dekke.
- 4.3 Kommunaltekniske anlegg**
- 4.3.1 Innanfor f\_BKT1 skal det etablerast for oppstilling av avfallsdunker og postkassestativ for BFS2 og BFS3.
- § 5**  
**SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**  
(pbl § 12-5 nr. 2)
- 5.1 Veg**
- 5.1.1 f\_SV1 er delvis eksisterande og delvis ny tilkomstveg. f\_SV1 gjev tilkomst til alle dei nye bustadtomtane innanfor planområdet og er regulert til ei breidde på 3,5 meter. f\_SV1 skal opparbeidast med fast toppdekke.
- 5.1.2 Snuhammar innanfor f\_SV1 skal utformast som vist i plankartet, og skal skiltast med «parkering forbode»
- 5.1.2 f\_SV2 er del av eksisterande tilkomstveg til eksisterande einebustader og regulert med ei breidde på 3,5 meter.
- 5.1.3 Avkøyrslar til kvar einskild tomt kan slåast saman dersom det er ynskjeleg og dersom det lar seg gjere.
- 5.2 Køyreveg**
- 5.2.1 o\_SKV er Fylkesveg 397, Mykingvegen. o\_SKV er regulert, etter eksisterande situasjon, med ei breidde på 6,5 meter.
- 5.3 **Anna vegggrunn - grøntareal**
- 5.3.1 o\_SVG og f\_SVG skal nyttast til grøfter, skjæringar, murar, teknisk infrastruktur og liknande.
- 5.4 Parkeringsplassar**
- 5.4.1 Det skal setjast av minimun to og maksimum tre parkeringsplasser per bustadeining. Parkering skal løysast på kvar einskild tomt.

**§ 6**  
**LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL SAMT REINDRIFT**  
(pbl § 12-5 nr. 5)

- 6.1 Landbruk**
- 6.1.1 LL er eksisterande landbruksareal og er avsett til landbruk.
- 6.2 Naturføremål**
- 6.2.1 LNA er eksisterande naturføremål og er avsett til naturføremål.

**§ 7**  
**OMSYNNSJONER**  
(pbl § 12-6)

- 7.1 Frisiktsone ved veg (pbl § 11-8 a)**
- 7.1.1 I området med frisiktsline og veg, frisiktssone, skal det ved avkøyrslar vere fri sikt i ei høgd av 0,5 meter over tilgrensande veg sitt plan.

**VEDLEGG**

- A. RETNINGSGJEVANDE**
- 1. Illustrasjonsplan og snitt, datert 02.06.2016**